

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 26. februar 2014
Kopi: Hovudutval for kultur, møte 12. februar 2014
Frå: Fylkesrådmannen

Fylkessoga - rapport om framdrift i prosjektet

Vedlagt følgjer to halvårsrapportar frå hovudredaktør for fylkessoga Ola Svein Stugu om framdrift i arbeidet i 2013.

Dei to viktigaste hendingane i 2013 var (i tillegg til ordinært skrivearbeid):

- engasjementet rundt markeringa av 250-årsjubileet for Sogn og Fjordane (seminar, foredrag, artiklar, m.m.)
- val av forlag og biletredaktør for bokverket.

Hovudredaktøren peikar elles på dilemmaet i å skulle ha framdrift i arbeidet samstundes som det er forventa stor ekstern aktivitet i form av foredrag, m.m. og varslar at kan bli mindre av denne eksterne aktiviteten i 2014 for å sikre framdrift i tekstproduksjonen.

Styringsgruppa for prosjektet hadde eitt møte i 2013 i samband med val av forlag. Neste møte er tidfesta til april 2014.

Framdrifta i prosjekt Sogn og Fjordanes historie for tida september 2012 – mai 2013 Rapport frå hovudredaktør Ola Svein Stugu

I følgje avtalen mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen skal det orienterast om framdrifta i prosjektet halvårleg i samband med møte i styringsgruppa. Sidan det ikkje har vore noko styringsgruppemøte sidan 19. september 2012, gjeld rapporten tida sidan den gongen.

Framdrifta i arbeidet er jamt over tilfredsstillande. Forfattarane har vidareutvikla problemstillingar og disposisjonar for sine band, orientert seg grundigare i eksisterande faglitteratur og kome godt i gang med å ordne og systematisere stoff dei har henta ut frå primærkjelder. Forfattaren av siste bandet har i tillegg gjort fleire intervju med sentrale aktørar i perioden ho skriv om. To av forfattarane har disputert i løpet av rapportperioden, og kan no arbeide konsentrert med Sogn og Fjordane-prosjektet. Dei to fast tilsette ved HiSF har kome godt i gang med å overføre andre arbeidsoppgåver til andre for å kunne setje av meir tid til arbeid med bokverket.

Det er førebels skrivi lite ferdig boktekst. Til gjengjeld har forfattarane presentert prosjektrelatert stoff offentleg ved fleire høve. Dei viktigaste var fagdagen til Høgskulen i Sogn og Fjordane den 20. september, eit opne seminar i samarbeid med Flora kommune i Florø den 2. november samt ein sesjon om regionhistorie på Norske historiedagar i Sogndal 4.-5. mai. Fleire forfattarar har også vore med på andre arrangement. Prosjektet har innhaldsansvaret for eit historisk jubileumsseminar i høve 250-årsjubileet for opprettinga av amtet den 18. september. Tre av forfattarane har også produsert stoff for jubileumsavisa som fylket gav ut rundt påsketider.

Innanfor ein knapp tidsplan kan det liggje eit dilemma i å opptre for ofte offentleg i høve til å arbeide målretta med å produsere boktekst. Det er eit mål at offentlege arrangement skal brukast systematisk til å prøve ut stoff og utvikle resonnement som i bearbeida form kan gå inn i bøkene. Ein ser likevel for seg at 2014 blir eit år med mindre offentleg engasjement og meir systematisk, målretta tekstproduksjon inn mot bøkene.

I tilknytning til dei opne seminarar har det vore interne prosjektseminar der det har vore drøfta så vel praktiske spørsmål som teoretisk-metodiske og skrivetekniske problem. Dagen før jubileumsseminaret i september vil det bli halde eit manusseminar med forfattarane og referansegruppa, som i vårsemesteret har vorte utvida med to personar: Georg Arnestad og Hilde Jaastad.

Oppdal 30. mai 2013
Ola Svein Stugu

Framdrifta i prosjekt Sogn og Fjordanes historie for tida juni – desember 2013 Rapport frå hovudredaktør Ola Svein Stugu

Faglege

Den faglege aktiviteten i rapportperioden har gått i to retningar. Den viktigaste har vore arbeidet med bokverket. Dessutan har forfattarane vore engasjerte i utetterretta verksemd knytt til 250-årsjubileet til fylkeskommunen (jfr. prosjektrapporten for vårhalvåret).

Det viktigaste utetterretta arrangementet i haust var jubileumsseminaret i Sogndal 18. september. Seminaret hadde tittelen «Folk og fylke før og no», og hovudinnhaldet var presentasjon av sentrale emne som vil bli innarbeidde i manus i kvart av dei fire planlagde banda i bokverket. Seminaret var godt vitja og fekk god medieomtale, og fleire personar som sjølv hadde vore viktige aktørar i fylket dei seinaste tiåra, deltok aktivt i debattane etter innleiingane. Fleire av prosjektdeltakarane har også halde foredrag på andre arrangement eller markert prosjektet gjennom ymse medieinnslag.

I 2014 kan ein ikkje rekne med eit tilsvarande offentleg engasjement frå prosjektet si side. Da vil ein konsentrere seg systematisk og målretta om arbeidet med bokverket.

Arbeidet med verket skrid framover, og alle forfattarane har større eller mindre tekstdelar ferdige i utkast. Det er merkbare skilnader mellom kor langt forfattarane har kome i tekstproduksjonen. Delvis skuldast srika at ein skilde forfattarar fram til no har hatt vanskar med å frigjere seg frå andre arbeidsoppgåver, delvis skuldast det ulikskapar i arbeidsmåtene når historikarar står framfor eit omfattande litteratur- og kjeldemateriale. Det vil vere naudsynt at alle forfattarane blir frigjorde frå andre oppgåver i tida som står att før manus skal leverast sommaren 2015.

I tillegg til større prosjektseminar som blir haldne ein gong pr. semester, har det vorte instituert mindre arbeidsseminar for delar av prosjektgruppa for å drøfte manusutkast og faglege spørsmål som ikkje er like relevante for alle periodar. Eldre historie skal ha eit manusseminar komande veke, og nyare historie skal veka etter ha eit arbeidsmøte (workshop) med eksterne forskarar rundt sentrale utviklingsdrag i tida etter 1875. Ut over det er det planlagt eit felles prosjektseminar i byrjinga av mai.

Organisatorisk

For framdrifta i arbeidet var det eit stort steg framover at forlagsspørsmålet vart avgjort før sommaren. Som kjent fall valet på Fagbokforlaget, og så vel forlagsredaktør Dag Grønnestad som biletredaktør Torkjell Djupedal var til stades på prosjektseminar den 17. september for å presentere tankane sine rundt arbeidsmåtar og sluttprodukt. Eit møte i Bergen den 27. november mellom Grønnestad, underteikna og Oddmund L. Hoel i eigenskap av prosjektkoordinator vart i hovudsak nytta til å drøfte ein revidert forfattarinstruks, som vart sendt ut til forfattarane etter sirkulasjon i prosjektgruppa.

Trondheim 16. januar 2014
Ola Svein Stugu